

Tillegg 28. mai

102 år  
1802-2004  
**Sunnhordland**

**Møt opp og sjå festivaloppstoget laurdag  
29. mai! Det startar frå Leirvik skule  
kl. 11.30 og endar opp på torget**

# HFF

**HANDBALLFESTIVALEN PÅ STORD 2004**



**JUBILEUMSFESTIVAL! HANDBALLFESTIVALEN ER 15 ÅR OG FEIRAR MED REKORDSTOR DELTAKING!**



Kjartan B. Grov  
Festivalleiar

## Velkommen til jubileums-Handballfestival!

På vegne av Handballgruppa i Stord Idrettslag vil eg få ynskja spelarar, leiarar, føresette og andre velkommen til den 15. Handballfestivalen som vert avvikla på Stord. Me veit at mange har gleda seg lenge til Pinsen dette året, og me vonar på at me klarer å tilfredstilla alle.

Komiteen som har jobba med Handballfestivalen har planlagt turneringa sidan november 2003, men den største planleggingsjobben har vore gjort dei siste månadane. For at me skal få til å avvikla turneringa er me avhengig av alle medlemmane i Handballgruppa, over 300 av eigne medlemmer, stiller på dugnad for at alle skal få eit bra minne frå Stord. I tillegg har me også fått hjelp av Stord IL, turngruppa, Stord IL fotballgruppa og Solid IL, fotballgruppa – ei kjempe stor takk til dykk og!

Me veit at det vert spela mange kampar denne helga (rundtom 660!), omlag 220 lag skal spela kampar i løpet av fire dagar på 19 banar. For at dette skal gå i rundt så vonar me på at alle har forståing for at problem kan oppstå. Alle skal likevel vita at me gjer vårt beste for at alt skal gå smertefritt for seg. Har du noko du treng hjelp med, så vil «damene» i sekretariatet hjelpa dykk med det!

Til slutt vil eg minna alle om å tenkja på dei sosiale også. Dette er ei stor turnering med ein del fritid som me vonar spelarane kan ha det kjekt i, innimellom kampane. Alle må hugsja å ta vare på kvarandre og nytta seg av dei ulike frinidstilboda som me har på festivalområdet.

Lykke til, alle saman!

Ansvarleg red.: Håvard Hystad  
«Sunnhordland»  
Fransidfoto: Tor Resser  
Sats og trykk: «Sunnhordland»  
Opplag: 10.500

# Askøy størst og best!



Fremste rekke fra venstre: Julia B Nilsen, Julie Eikemo, Josefine Kvamme, Ulrikke H Olsen, Synnøve H Carlsen, Julie S Thu, Malene U. Larsen. Bakre rekke fra venstre: Jeanette H Holgersen, Marita Steffensen, Tonje Oksnes, Elisabeth Velsvik, Silje Johannessen, Stine Marie Landro, Benedicte Salomonsen.

Tek du ein del tolmød, mykje engasjement, ærlig og hardt arbeid og blandar det med handballkunnskap og litt humor og glede. Ja, da er du på god veg til å skapa ein god og veldrevet handballklubb.

Askøy er på god veg til å koma dit, men me har mykje hardt arbeid føre oss, seier trenar og eldsjel Henning Krøger. Med ei fartstid på over 35 år i handballen så veit bergsaren kva han snakkar om.

Askøy-trenaren er og klokkeklar på kva som skal til for å bli ein god handballspelar.

– Den som trener mest blir best. Vil du vera med så må du jobba for det. Hos oss får dei som vil tilbod om å trenar meir. Me prøver å «lura/lokka» folk til å trenar meir fordi det er gøy.

### Fram med løpeskoa

Krøger har og ein klar filosofi om at ein må fram med løpeskoa når du er 13 år.



Fra venstre: Malene U Larsen, Julie Eikemo, Jeanette H Holgersen, Henning Krøger, Julia B Nilsen, Tonje Oksnes og Silje Johannessen

Skal du halda stor fart og kunne gripa ein ball så må du ha god kondisjon. Dagens handball handlar ikkje om stå roleg og ta i mot ballen.

Vi trenarar må og jobba med grunneleggjande rørsler og koordinasjon. Eg lurar på kva dei gjer i gymtimane på skulen?

Det å slå hjul er ikkje noko sjølvsgatt sak for dagens ungdom. Slik som det var før i tida. Dei er mykje fattigare på dette området i dag. Her må vi på eit tidleg stadium sette inn støytet.

### Den som trener mest blir best

### 17. mai!

Handballfestivalen er ein viktig turnering. Det er som ein 17. mai. Det store høgdepunktet som er både slutten og starten på ein ny sesong. For dei fleste spelarane er det stort å vinna noko. Det kan vera like gjevt å vinna ein B-final.

### Til skogs for å tisse

Henning Krøger har mange gode minner frå Handballfestivalen på Stord. Men vel å koma med denne artige historia.

– Det er den einaste gongen eg har lagt inn protest og fått medhald.



## Askøy Håndballklubb (AHK)

- Stifta 1981
  - I starten berre seniorlag, yngre lag kom til etterkvart
  - I 1998 hadde klubben 10 jentelag i junioravdelinga
  - Frå sesongen 2000-01 slo Erdal, Kleppstø og AHK seg saman til eit samla AHK
  - Sesongen 2002-03 hadde AHK med følgjande lag i kretsserien:
    - 6 guttelag frå G9 til G15
    - 19 jentelag frå J9 til J17
  - Same sesong hadde AHK med desse laga i divisjonssystemet:
    - 3. og 4. divisjon for herre
    - 2., 3.- og 6. divisjon for damer
- Klubben har om lag 400 medlemmar**

Det hendte ute på ein av dei mange utebanane då dei hadde tidtakar. Dommaren stoppa kampen på grunn av ein skade. Men den unge tidtakaren fekk ikkje dette med seg. Han var nemlig til skog for å tisse. Med det resultat at klokka ikkje blei stansa. Det blei litt artig, men det ordna seg med omkamp til slutt, ler Henning Krøger.

Dette året finn du den rutinerte Askøy-trenaren på sidelinja for ein lovande J13-gjeng. Og 50-åringen får og selskap av sonen Eirik som sjølvsgatt spelar for G15-laget til Askøy.

### Handballfestivalen er ein viktig turnering

## – Avslappande kaos

Handballfestivalen på Stord er eit avslappande kaos som er veldig gøy. Linda Haga frå Askøy veit kva ho snakkar om etter to festivalar.

Det blir handball døgnet rundt. Spelarane er ofte heilt utsletne etter mange kampar om dagen. Men er ikkje til å stoppa om kveldane. Me må jaga dei inn frå handballbanane og rett i seng.

Laga gler seg og mykje til

opningsseremonien og utan å ropa noko så har me noko på gang. Det har vore dugnadskveldar og laging av kostymer. Fantasien er stor! Her blir det fest med bast-skjørt og dragar, lover Haga.

Stadig fleire foreldre oppdagar at det er gøy med Handballfestival.

Det blir handball døgnet rundt

– Ja, det stemmer det. Jungeltelegrafan har gått og stadig fleire foreldre følgjer laga. Har merka det på at det er umogeleg å få hotellplass. Men mange kjem likevel på dagstur.

### Beste minne:

Linda Haga er ikkje i tvil kva ho hugsar best frå Handballfestivalen.

– Det var J12-finalen i

### Gøy og grusomt spennande både for foreldre og spelarar

Fjor. Me vann etter nesten 20 minuttar med «sudden death». Den sit i enno. Gøy og grusomt spennande både for foreldre og spelarar, seier Linda Haga som er klar til ny festival.



„då vert målet å spela på elitenivå



# Unge talent



**Namn:** Miriam Almås  
**Alder:** 17 år  
**Aktuell med:** Spelar Handballfestivalen for siste gong, einaste jente frå Stord på Hordaland sitt kretsag for jenter denne sesongen  
**Kjem frå:** Lillabø på Stord  
**Sivil status:** Super single  
**Line/Skule:** Helse og sosial/Fitjar vgs  
**Fritidsaktivitetar:** Handball, litt jobbing og å pløgg små smør  
**Favoritt mat:** Mexicansk mat  
**Beste handballminne:** Då Solid slo Brennes, Sparkvalifisering  
**Den ultimate trenar:** Thor Gunnar «min kjære» Bakke  
**Favoritt spelar:** BHK – Bjørn Helge Karlson

Miriam Almås (17) og Joar Hystad (17) spelar i Handballfestivalen for siste gong. Dei to talenta har begge gjort ein fin innsats i kretsagstrøyene.

AV: LIVE HUSUM

Ho er kjend for å skifte hårsveis oftare enn vanlege folk skiftar sokkar denne jenta. Miriam Almås (17) frå Stord er saman med klubbkamerat og kretsagsvenn, Joar Hystad (17), deltakarar på Handballfestivalen for siste gong. – Det er litt vemodig, meddelar Joar. Både han og Miriam har gått på handball sidan dei var i 11–12

års alderen, og den årlege festivalen har stått som eit av høgdepunkta i dei tidlegare sesongane.

**Kretsagsdeltaking**

I slutten av april reiste gute- og jentelaget frå Hordaland Handballkrets til NM for kretsag på Hamar. Ingen av dei to talenta legg skjul på at denne turen, der begge laga enda på 5. plass, var noko av det kjekkaste med heile kretsagsdeltakinga. – For oss som bur på Stord var det vanlege samlingsane litt hektiske, fortel Miriam. Ho var ikkje like heldig som Joar, som hadde med seg tre klubbkameratar på turane til Bergen, Øyvind Nyhammer, Kenneth Ingebrigtsen og Morten Tvedt spela også på kretsaget.

**Ambisjonar**

På spørsmål om kvifor dei byrja på handball, fortel Joar at han byrja fordi det verka gøy og at dei var ein kameratgjeng som byrja. – Men alle kompisane eg byrja med, har slutta no, smiler han. Miriam fortel om at ho var med og såg på då ei venninne spela kamp, og at det såg så gøy ut at også ho ville byrja. I dag har dei to god kontroll på ballen og begge drymmer om å nå langt. – Trenaren min har sagt at eg skal ha oppnåelige mål, så då vert målet å spela på elitenivå, ler Miriam. Dette har også Joar ambisjonar om å gjere. Han har ikkje hatt ein enkel sesong. Smerter i skulder og kne har hemma han. – Skuldra er bra no, men eg skal på MR-undersøking med kneet om ikkje så

lenge, forklarar den aktive guten som skada seg i kneet under fotballspeling i påska.

**Trening er viktig**

Miriam og Joar trenar gjennomsnittleg 3–4 gongar for veka eller meir. Treninga gir resultat. Råda dei vil gje til unge ivrige handballspelarar, er at dei må trene mykje og at dei må ha eit avslappa forhold til det dei driv med. – Det er vanskeleg å verte god viss ein berre er redd for å gjera feil, avsluttar Joar. Miriam ser på Joar, lagar ein grimase og får ein attende. Det er ikkje tvil om at det finst sunn, oppegående ungdom i handballmiljø.



**Namn:** Joar Hystad  
**Alder:** 17 år  
**Aktuell med:** Spelar i Handballfestivalen for siste gong, ein av fire gitarar på Hordaland sitt kretsag for gutar denne sesongen  
**Kjem frå:** Astaksvik på Stord  
**Sivil status:** Einskild  
**Line/Skule:** Idrett/Stord vgs  
**Fritidsaktivitetar:** Handball, fotball og mat  
**Favoritt mat:** Kebab  
**Beste handballminne:** Då me klarte å kvalifisera oss til Spørserien  
**Den ultimate trenar:** Utan tvil Kåre Tverborgvik  
**Favoritt spelar:** Håvard Tvedten og Miriam Almås

## «Landskamp» på Vikahaugane under Festivalen

Under festivalen i år får me storfin vitjing i frå vest. Gjestane er herrelandslaget til Færøysane! Dei kjem over til Stord under festivalen for å spela tre treningskampar mot Stord sitt herrelag.

– Det var nok tilfeldig at det vart noko av denne vitjinga, men mykje spennande startar tilfeldig, fortel Stig Steinkjer i Stord handball.

– Mykje av Aker Stord sitt personell jobbar i desse dagar på

Melkøya utanfor Hammarfest. Og for å koma seg dit treng dei transport. Og til det oppdraget stakk eit færøysk selskap av med kontrakten. Men på ei slik lang flyging treng mannskapa mat og den leverer Vest Catering som held til i Stord Sportsenter. Og då ein delegasjon frå flyselskapet vitja Vest Catering på Vikahaugane kom drøven i gong og ideane fram. Som eit fyrste steg i eit tettare kulturellt samarbeid mellom Stord og Færøysane kom forslaget om ein «landskamp» under HF2004 opp. Det å ta eit heilt lag over frå Færøysane til Stord er noko Stord Handball ikkje har økonomi til å gjera aleine.



– Her tror det færøyske flyselskapet til og sponsar landslaget sin tur til Stord. På denne måten vert vitjinga gjort mogleg. Så laurdag kveld kl. 16.45 vert det spelt «landskamp» mellom

Færøysane og Stord i Nychallen – følg med! Dei to andre «landskampane» går fredag kveld kl.19.00 i Fitjarhallen og måndag kveld kl.19.00 i Nychallen på Vikahaugane.

Anders Langeland og dei andre stordspelarane er klare for «landskamp» mot Færøysane.

## Edel oppgåve

Kvart år i handballfestivalen er det to unge handballspelarar som får den edle oppgåva med å lesa festivaleden. I år går oppgåva til Vidar Abrahamson og Anne Christin Våge. Begge spelar på Stord sine 12-årslag.

Ingen av dei har gjort noko som dette før, men det er ikkje heilt framand for dei å stå på scenen. Spesielt ikkje for Anne Christin som er aktiv innan teatermiljøet på Stord. Men sjølv om ho har erfaring er ho veldig spent. Ho har ikkje spela handball så lenge, men er

etter litt pugging skal det nok gå greit

aktiv no og likar det veldig godt. Ho har heller ikkje vore med på handballfestivalen tidlegare så ho har litt meir å sjå

ikkje heilt framand å stå på scena

fram til og ho gler seg til alt. Vidar som ikkje er så scenevand, gruar seg kanskje litt meir. Men han seier han er meir spent enn nervøs. Han har spela handball sidan han gjekk i fjerde klasse og han likar seg godt i miljøet. Han gler seg til festivalen og han trur det kjem til å bli veldig kjekt. Ingen av dei kan eden som dei skal lese opp endo, men etter litt pugging skal det nok gå greit. Dei kjem nok til å stå for ei fin opning av festivalen og det blir spanande å sjå korleis laga deira klarar seg i sitt fyrste år i sluttspillet.



Vidar Abrahamson og Anne Christin Våge.



Framme fv: Tonje S. Langørgen, Elisabeth V. Aadland, Maria G. Larsen. 2. rad fv: Helena K. Henriksen, Hanne Christin Våge, Malene B. Lilalabø, Elisabeth N. Fylkesnes, Gro Strauss, Ingrid Høyland, Heidi Våge. 3. rad fv: Ingun H. Almås, Torun Gram, Ruth Evelyn S. Videhold, Margrethe Jentoft



Bak fv: Thomas Setre, Marius Bjelland, Endre danielson, Sindre H. Larsen, Remi Flotve, Simen Askeland, Simon gundegjerde, Fredrik Gundleren. 2. rad fv: Erik Beyer, Andreas Dybvik, Mathias Meley, Nilsen, Arne Johann Tor- nes, Simen Grov, Christoffer S. Kvarme. 3. rad fv: Vidar Abrahamson, Erik Anensen, Håvard Olsen, Steinar Christensen.

## Skal vise musklar i sluttspillet

AV KRISTIN HELLAND

Dei fleste av spelarane har vore med to gonger tidlegare, men det er i år dei for fyrste gong skal visa musklar i sluttspillet. Dei er Stord sine 12 årslag og er veldig klare for årets handballfestival. Stord stiller med til saman fem lag frå gutar- og jenter 12 og alle er einstemmige: det kjekkaste med sluttspillet blir å vinna.

det kjem til å bli ei kjekke helg

### Høge ambisjonar

Sidan dei no er gamle nok til å vere med på sluttspel har dei moglegheita til å vinna sin klasse i handballfestivalen. 12-åringane er ikkje beskjedne med målsetjinga. Alle var einig om at fyrste plass var definitivt innan rekkevidde. Dei fleste har vore med på handballfestivalen to gonger tidlegare og har spelt handball ei god stund. Dei veit det kjem til å bli ei kjekke helg. Gutane meiner det kjekkaste blir dei fine jen-

ein stor jobb med å dele opp laga

tene på diskoteket og handball. Jentene gler seg mest til grillfesten og det å spela ute. Då er det berre å håpa på fint vær. Foreløpig kjenner dei ikkje til andre lag enn dei som spelar i Sunnhordlandsserien. Men til handballfestivalen kjem lag frå både nær og fjern så det kan bli ei stor utfordring for 12-åringane. Dei oppmodar alle til å ta seg ein tur opp på Vikahaugane for å sjå dei kjempa om den gjevaste tittelen.

### Lovande og mange

Det er ikkje få spelarar trenarane deira må halda styr på. På jentestida stiller dei med tre lag og dei er til saman 30 spelarar. Gutane er ikkje så mange, men stiller sterkt med to lag og 24 spelarar. Ikkje nok med det! Etter Årets hafo-cup var det fleire som tydelegvis lika handball og byrja på Stord sine 12-års lag. Dette gjer trenarar og oppmenn ein stor jobb med å dela opp laga på nytt. Det er kjekt å sjå så mange unge som samlar seg om idretten. Stord kan lyst på framtida med så mange unge og handballspelarar i gruppa.

# Solid – ein av dei store

Aldri før har det vore så mange lag frå Solid i Handballfestivalen. Dei raudklede vil visa godt att med sine tolv lag.

– Me har stor aktivitet og mange som vil spela handball. Den største utfordringa no er å skaffe nok trenarar til laga våre, seier Solid-trenar og -dommar Trond Arnevik.

Så er det nokon som kan ta eit tak som trenar, så er det berre til å ta kontakt. Det er trist å måtta seie nei til nye som vil begynne med handball.

– Me treng og sår ny hall. Litløballen har gått ut på dato. No jobbar me på spreng for å få fram ein sak til kommunestyret. – Den nye hallen vil koma, seier ein optimistisk Trond Arnevik.

» **Utfordringa no er å skaffe nok trenarar til laga våre**

**Breiddeklubb**  
Solid har ein klar profil på å vera ein breiddeklubb opp til 15 år. Dei som vil satsa kan gå til Stord etter det. Men me vil og prøve å gjø tilbod til 16- og 17-åringar om dei vel å bli her ute.



Solid 19G10 er klare for handballfest

– Me har mange og gode lag. Men me driv ikkje med topping. Hadde me gjort det så hadde mange slutta. Blant 12 årstjente har me frå 24–28 spelarar. Så det er stor breidde i Solid.

Me satsar på å visa godt igjen i Handballfestivalen.

–Denne turneringa er topp. Ein slepp å senda vekk unge spelarar.

Før mange er dette høgdepunktet og nokon som ein har snakka om lenge. Sjølv har eg vore med i alle festivalane sidan starten, både som spelar, dommar og trenar, seier Trond Arnevik. 31-åringen har og ein viktig jobb med dommarkurs på Fitjar, Tynes og Stord før festivalen.

– Me må passa godt på dom-

marane våre. Det er ofte foreldre som er dei verste. Dei kjem tett inn på banen og det blir høg temperatur, men me har mange observatørar som vil følge med rundt på banene i år. Det trur og vil hjelpe.

» **Me har mange og gode lag**

## Litt om 3

1. Kven blir beste klubb i Handballfestivalen?
2. Min favoritt CD?
3. Der likar eg å reise på ferie?
4. Min favoritt handballspelar?



**HENNING KROGER**

50 år  
Barnevernspedagog  
Handballtrenar på alle nivå i 35 år. 25 prosent stilling som spelarutviklar i Noregshandballforbund/Hordaland handballkrims. Gift med Iherit og fire barn.  
Yngstemann Erik på 14 år skal til Handballfestivalen

1. Arstad
2. Creedence Clearwater Revival
3. Hytta ute i Oygarden
4. Ballie – kross som kom på verdenslaget

## Fitjar: «Handballfestivalen er høgdepunktet»

# «Gode naboar sviktar aldri»



Mai og Harald Engevik

– Før oss er Handballfestivalen høgdepunktet i sesongen. Me får med oss alt frå tidleg morgon til seine kveld.

Harald Engevik frå Fitjar veit kva han snakkar om etter mange festivalar på Stord.

Kva hugsar du best av dei festivalane du har vore med på?

Det var då «eldstjente» var liten. Det var plassvann og ballen var nesten som ein fisk. Du kunne berre playtime å dabbu ballen. Men spelarane brydde seg lite om det, og hamperet var på topp.

### I båt

Fitjar-laga har vore med sidan starten i 1990. Bak si flotte fane viser Fitjar-laga godt att. Heilagjeng og foreldre kjem i store flokkar.

– Dei som vil ha mest med seg ankrar opp med båt ned på Vikjo. Det blir stadig fleire av dei. Så då er det ikkje snakk om å reisa heim etter ein lang dag med handball. Båt og Handballfestival er topp, seier ein engasjert Engevik.

Blir de teken imot som gode naboar?

– På aller beste måte. Me har knytt god vennskapband både på spelar og leiarar, seier Engevik, som nyleg var på ei stor turnering i Danmark.

» **Heilagjeng og foreldre kjem i store flokkar**

– Handballfestivalen på Stord er ein klar vinnar når det gjeld opningssermoni. I Danmark blei me samla i eit lokale utan særleg stemning. Men me hadde det topp i ein spennande turnering i Holstebro. Me vann pulja etter å ha slått ut Ålborg og Jübeck. Men kom til kort mot knallgode Marbo. No vomar me på å gå langt i Handballfestivalen, og å få møte Stord, seier Harald Engevik, som ser fram til ny festival hos sin gode nabo i sør.



**HARALD ENGEVIK**

45 år  
Gift  
Dagleg leiar Engevik & Tislevoll, Handballtrenar på J17-laget. Må ha joggeskoa i nærleiken.  
1. Håpar og trur på Stord.  
2. Pink Floyd  
3. Ein plass der ungane har det kjekt og med joggeskoo.  
4. Gro Hammerseng.



**TROND ARNEVIK**

31 år  
Gift. Tre barn. Subkommisulent. Dommar, trenar og nestleiar i hovudlaget i Solid

1. Askøy
2. Queen, samle cd
3. Føyro
4. Glen Solberg

## – Fekk raudt kort etter tretti sekund!

Mai Engevik (17) frå Fitjar hugsar godt då ho fekk raudt kort og marsjvordre i Handballfestivalen for to år sidan etter berre tretti sekundar.

– Eg ferstod lite, men eg hadde visst høve ei i bakken. Men eg har blitt snillare med åra, kross 17 åringsen Mai Engevik.

– Eg er ein krigar og ein spelar som snakkar mykje, men det skal gå fint for seg i år.

– Fitjar-jenta går mot ein travel pinse både som spelar på J17, som ny trenar for eit G19-lag og som dommar. Så tid til å driva dansk blir det ikkje. Men inn tid til kjæresten blir det vel

og mellom alle handballkampene.

17-åringen synest det er heilt ok å ha puppen på benken.

–Det er flott å ha han der. Men det stoppar ikkje ein frisk diskusjon.

» **Eg er ein krigar**

Ho skryt og av laget sitt og trenar Ørnulf Botnen.

– Me satsar ikkje berre på dei beste. Her er me alle vinnar og alle får spele like mykje. Fitjar er laget og eg håpar me kan slå i J19-klassten frå neste sesong, seier fargeklatten Mai Engevik som er klar til ny dyst.

# Gledeleg at jentene kjem for fullt, men kor er gutane?



Johnsen tek imot jentene med opne armar, men han ønskjer og at fleire unge gutar melder seg til teneste. Dessutan har han eit sterkt ønske om at dei litt eldre, gjerne med spelarbakgrunn, melder seg til teneste.

”tek i mot jentene med opne armar

**Konsulent Trygve Johnsen i Region Vest ser ein klar tendens i rekrutteringa av nye dommarar. Unge jenter tek utføringa frå regionane og klubbane på strak arm og melder seg som dommarar.**

**Korleis er situasjonen med omsyn til talet på dommarar i regionen?**

– Me har hatt ein anstrengt situasjon over tid i vår region, hevdar Johnsen. Det har medført at talet på kampar kvar dommar har måtte dømt har lege høgt.

For å betra situasjonen har handballregionen sett i gong ei rekkje tiltak. Me har saman med klubbane fått sett i gong nye dommarkurs for å rekruttere nye dommarar til sporten. Det har me og gjort tidlegare, så det er ikkje nytt. Men me har vore meir bevisst på ein tett kontakt med klubbane rundt oppstart av kursa og rekrutteringa til desse. Men nytt er måten me følgjer opp dommarane på. Me vil etablera dommar-miljø rundt i regionen der me kan møte dommarane og følgja dei opp. Me



Line Vad og Terje Tvedten stillar opp som dommarar under festivalen.

observerer desse miljøa aktivt, slik at dei nye dommarane lettare kan få ei positiv utvikling og slik kunna dømma eldre klassar og. Dette ser no ut til gje resultat og talet på godt kvalifiserte og godt motiverte dommarar tek seg opp, fortel Johnsen vidare.

**Men kva har vore dei viktigaste hindringane for å rekruttere nye dommarar?**

– Den viktigaste grunnen er nok at mange prioriterer karrieren som spelar. Dersom dei unge spelar aktiv handball går mykje av fritida til trening og kampar. Melder ein seg til teneste som dommar går enda meir fritid med, og det er nok ein del unge som vegrar seg av den

grunn. Men med fleire dommarar å dela ut kampane på, går og talet kampar per dommar ned og det vert ikkje like tidkrevjande å vera dommar, meiner Johnsen. Men det har nok og vore slik at klubbane prioriterer dagleg drift av laga, slik som treningstider, treningar, kampar, trenarar og oppmenn. Då kjem rekruttering av dommarar for langt ned på prioriteringslista til klubbane til å bli tatt alvorleg. Eg vil heller ikkje underslå at det har vore eit problem for dommarrekrutteringa at enkelte overvrigt

lagleiarar og foreldre har skremt bort dei unge frå å dømma. Med kjefting og smelling på dommarane vert ikkje dommarane gamle i gjerninga si, fortel Johnsen. Dette må lagleiarane og klubbane ta på alvor for å få luka bort!

**Kva gjer regionen for dommarane under Handballfestivalen i år?**

Allereie i fjor brukte me Handballfestivalen aktivt i rekrutteringa av nye dommarar. Under festivalen fekk dei ferske dommarane for det første dømma mange kamper. For det andre er det under ein slik festival lett å organisera observasjonen av desse dommarane. Dei fekk derfor veldig god oppfølging av observatørene. I år vil me gjera det same for nye dommarar i Sunnhordland. Dessutan har kretsen teke med seg ei rekkje dommarar til festivalen frå utviklingsmiljøa kring i regionen. På denne måten kan me både driva aktivt rekrutteringsarbeid og videreutvikla dei dommarane me har. Begge gruppene vil aktivt bli følgd opp gjennom tett observasjon. Med så mange dommarar samla, satsar me og på å få i gong sosiale tiltak for dommarane, saman festivalleinga.

**Kvifor Handballfestivalen?**

Festivalen er jo ei stormønstring for svært mykje av den aktiviteten som skjer i regionen, svarar Johnsen. Og festivalen er ein av dei store happeningane i regionen som laga ser fram til å reisa på kvart år, skryt han. Dessutan er jo reisa til Stord den første skikkelege reiseaktiviteten for dei yngste laga! Alt dette gjer festivalen til ein stad der me i regionadministrasjonen kan møte klubbane innafør ei ramme av positiv aktivitet.



## Tøffe stordjenter tek fløyta fatt

Stordjentene tek utfordringa frå regionen på strak arm. Dei kvir seg nok litt, men let ikkje det stå i vegen.

I forkant av handballfestivalen møtte me ein flott gjeng med stordjenter frå J15-gruppa som no skal i gong med dommarkurs. Teoriundervisning skal dei ha i forkant av festivalen, mens praksisdelen vert unnagjort under festivalen. Nokre av dei er nok ennå litt usikre på kva dei har sagt ja til!

**Kvifor vil de dømma?**

– Sidan eg brukar så mykje tid i hallen likevel kan eg vel gjera noko nytte for meg,

meiner Line Vad. Eg er jo litt fattig og – så det er jo greitt å tena litt pengar og, legg ho til.

– Trenaren vår var og veldig opptatt av at me måtte stilla opp.

**De skal dømma under Handballfestivalen i år. Er det noko spesielt de gler eller gruar dykk til?**

– Ja, kjem det frå jentene. Me er redde for sinte trenarar og foreldre. Me har opplevd det sjølv frå tribunen og når me har spelt kampar og det er ikkje noko kjekt! Men det skal bli kjekt å dømma dei yngste gutane.



Bak frå v.: Marita Westerheim, Monica Haga Almås, Mona Ruback og Irmelin Danielsen. Framme frå v.: Line Vadheim og Stine Øvrebo.

# Chiclets + handballfestival = sant



Tida går - Chiclets held fram!

Foto: Tor Resser

*Festivalbandet vårt er med på å prege festivalen vår. Chiclets har vore med heilt frå starten for femten år sidan og det står det respekt av!*

Dei spelar no fast under innmarsjen på torget og ikkje minst kompar dei under «Grand Prix».

## Melodiane til Grand Prix konkurransen i år vert:

- 1: «Hvis dine ører henger ned...»
- 2: «My Bonnie is over the ocean...»
- 3: «Singing ay ay yippie...»

Etter så mange år som handballfestivalband og etter møte med tusenvis av handballspelarar sit bandmedlem Per Øystein Kannelønning igjen med ein god del inntrykk.

## » det lønner seg å øva godt i forkant

– Dei fyrste åra spelte me oppe ved Vikastemmo, faktisk der det nye bygget på Stord Videregående Skule står i dag, og framfor scena var det grus og sand. Når folk dansa eller hoppa og spratt der la seg det seg ei støvsky over heile scena. Samtidig var grillane plassert like ved scena og stod vinden rette vegen, vart støvskya blanda opp med steikeos frå grillen.

Chiclets er eit allround band som både spelar til dans og opptrer saman med og for barn og unge. Under festivalen er eit av

høgdepunkta for mange «Grand Prix». Her stiller spelarar frå dei ulike klubbane opp for å opptre for festivalpublikummet.

– Me vart nok spurt om å vera

med fyrste gongen på grunn av at me er allroundarar. Me jobbar ein god del med barn og unge i forskjellige samanhengar og har etterkvart fått god trening i det å kommunisera med dei.

– Under «Grand Prix» er det nok dei som har øvd mest som lykkast best. Dei vert meir sikre og kan sleppa seg meir laus på scena. Me har nok opplevd at mange med litt mindre trening vert meir usikre når dei kjem framfor festivalpublikummet. Så til alle spelarar som planlegg å delta i årets «Grand Prix» – det lønner seg å øva godt i forkant!

Etter så mange år med handballfestival er det alltid nokre hendingar som vert hugsa betre enn andre.

– Litt spesielt var det når me hadde Gjerpen på besøk tidleg på 90-talet. Da var jentehandballen på sitt mest populære og Gjerpensongen godt kjent utøve landet. Me kompa Gjerpen på torget under festivalopninga og det var spesielt!



Per Øystein Kannelønning i aksjon

Foto: Tor Resser

# Pengemangel var drivkrafta

*Mangeårig stordleiar Arne Steinsvåg hugsar godt kva som låg bak oppstarten av Handballfestivalen for femten år sidan.*

– Me hadde i 1990 bygd opp ein breiddeklubb på Stord. Men me mangla ressursar til å satsa vidare på seniorhandballen. På den tida hadde klubben talentfulle lag både på jente- og guttesida. Og vårt ønskje var å støtta opp om desse utøvarane slik at dei kunne satsa vidare på Stord. Då me presenterte planane om å dra i gong ein handballfestival på øya for kommunen og sentrale sponsorar vart planane møtt med entusiasme. Det var nok det som gjorde at me torde setja i gong.

– Overbevist om at det var mogleg å setja i gong med eit slikt arrangement på Stord vart me under eit besøk i Partille-Cup i Gøteborg. Her fekk me

sjå at det var fullt mogleg å arrangera ein slik cup utandørs. Svenskane hadde dessutan ein fantastisk flott opningsseremoni som me fekk mange idear frå.

Det å starta ein slik festival er spennande, særleg kanskje fyrste gong. Alt var nytt og ingen hadde røynsle frå liknande arrangement.

## » me mangla ressursar til å satse vidare

– Det eg kanskje hugsar best var kor opptatt me var av veret. Handballen var blitt ein innedrett og det å ta steget ut igjen var ei utfordring. Me i arrangementskomiteen var dei siste fjorten dagane før festivalen ekstremt opptatt av vērvarslet – fleire av oss låg faktisk vakne om natta fordi me var urolige for kva som kunne hende dersom veret slo seg vrangt. Så var nå også situasjonen slik at mange av dei tilreisande var opptatt av dette. Eg hugsar ein gong da ein



Arne Steinsvåg under premieutdelinga den første handballfestivalen.

Foto: Tor Resser

handballeiar frå Bergens-området faktisk ville avlysa heile arrangementet pga veret!

Det kanskje mest gledelege ved festivalen meiner Arne, er den positive innverkinga festivalen har hatt for interessa for handballen i regionen.

– Mange klubbar etablerte handballgrupper på grunn av

Handballfestivalen. Utøvarar frå desse klubbane vart påmeldt i festivalen og fatta interesse gjennom deltakinga her. Det er vel ikkje til å underslå at me dei første åra sleit med å rekruttera lag til festivalen – særleg frå dei etablerte klubbane. Derfor jobba me med å vekjia interessa lokalt.



## KOMMENTAREN!

*«Men dommar då, no MÅ du begynna å dømma!». Dei fleste av oss har høyrte denne typen kommentarar mot dommarane. Ja, sjølv om ein ikkje er spesielt stolt av det så har vel mange av oss kome med liknande kommentarar frå sidelinja. Det kan mange gonger vera tøft å vera dommar. Ein vert utsett for relativt ufine kommentarar og oppførsel både frå lagleiarar og foreldre. No skal ikkje dette gjerast til eit større problem enn det det er, for i dei fleste kampane går det jo bra! Men skrekthistoriar om «galne» lagleiarar og foreldre skremmer mange unge vekk frå dømming og det er ei utfordring.*

Men eg er glad at handballregionen har teke dette på alvor. Dei er for det første i ferd med å etablira utviklingsmiljøa der unge dommarar vert følgd tett opp lenge etter at dei er ferdige med dommarurset sitt. For dei andre gjer desse utviklingsmiljøa det lettare for dommarane å få nye utfordringar gjennom å dømma eldre spelarar eller høre opp i divisjonssystemet. Til slutt vil ein sterkare fokus på dommarane gjera det enklare å rekruttera nye dommarar igjen. Dette positive fokuset på dommarane, kombinert med ein strengare reaksjon mot lagleiarar med ufine oppførsel, trur eg vil gjera det triveligare i hallane rundt om i regionen.

Det er flott at ungdomane no ser ut til å ta ansvar og melder seg på som dommarar. Men for å få ei betre samansetjing av dommarkorpset må me få med nokre fleire "gamlingar". Me må sjå på om det er mogleg å gjera det mer attraktivt å vera dommar enn det me har klart til no. Det kan heilt sikkert gjerast noko med for eksempel avtalar om kor mange helger kvar dommar stiller seg disponibel til dømming. Fleksibilitet vert nok eit sentralt stikkord – då kan nok mange fleire bidra!

*«Dommar-f... ta - dømmar du ikkje trump!?!?» er kommentarar me ikkje ønskjer frå sidelinja eller tribunen. Men la oss skilja mellom dei mer spontane utbrota og det som nærast kan kallast trakassering. Det siste bør me ta avstand frå, det første bør me prøva å unngå.*

*Me i sport ønskjer alle ei god turnering og ber om at de tek GODT VARE PÅ DOMMARANE!*

Trond Haga

# Hugsar du...

Foto: Tor Resser




Hyggeleg at kjenntfolk stikk innom.

Putekrig!



«Tøffe tak på banen!»

Regnvåte kampar.



Er det plass på ferga tru?

God merking er nøkkelen til alt!



Oppstilling av spente deltakarar før defilering på Leirvik skule.




Opning av den fyrste festivalen ved ordførarar Werner Hagerup.



Godt med nedkjøling!





**INFO Aktivitet etc.**

- A. Sekretariatet
- B. Kantine / leiertreff
- C. Samling tog til torget
- Leirvik skule
- D. Røde kors
- E. Buss stopp
- F. Grillfest / Grand prix
- G. Diskotek
- H. Hoppe slott
- I. Sand volleyball
- J. Fjrlufts gudsteneste
- K. Oppstilling premieuddeling
- L. hesteridning
- M. Basseng
- Stord kulturhus

# PULJEOPPSETT

- |   |  |  |   |  |   |   |
|---|--|--|---|--|---|---|
| <b>J10-1</b><br>Askøy 1<br>Fana 1<br>Fitjar 1<br>Solid 1<br>Salhus 2<br>Mathopen 1      | <b>J11-1</b><br>Askøy 1<br>Fyllingen 2<br>Stord 2<br>Bønes 3<br>Fitjar 1<br>Os 1<br>Sund         | <b>J12-1</b><br>Stord 1<br>Askøy 2<br>Bønes 3<br>Bjarg 1<br>Fyllingen 1<br>Tysnes 1        | <b>J13-1</b><br>Bønes 1<br>Nord 2<br>Gneist 1<br>Stord 1<br>Sandviken 1<br>Kjøkkelvik 1 | <b>J14-1</b><br>Fana 1<br>Tertnes 2<br>Salhus 1<br>Bjarg 1<br>Bønes 1<br>Sandviken 1 | <b>J15-1</b><br>Fana 1<br>Stord 2<br>Bryne 1<br>Fitjar 1<br>Åsane 1 | <b>J17-1</b><br>Stord 1<br>Rival 2<br>Øygard 1<br>Årstad 2<br>Avaldsnes 1<br>Fitjar<br>Ølen |
| <b>J10-2</b><br>Fana 2<br>Askøy 2<br>Kjøkkelvik 1<br>Stord 2<br>Nornen 1<br>Tysnes 1    | <b>J11-2</b><br>Fyllingen 1<br>Stord 1<br>Askøy 3<br>Rival 1<br>Os 2<br>Tertnes 1<br>Tysnes      | <b>J12-2</b><br>Askøy 1<br>Os 3<br>Bønes 2<br>Tysnes 2<br>Gneist 1<br>Årstad 1             | <b>J13-2</b><br>Os 1<br>Solid 1<br>Askøy 1<br>Bjarg 1<br>Mathopen 1<br>Molde            | <b>J14-2</b><br>Brattholmen 1<br>Fyllingen 2<br>Salhus 2<br>Solid 1<br>Kopervik 1    | <b>J15-2</b><br>Stord 1<br>Øygard 2<br>Dale 1<br>Os 1<br>Hinna 1    | <b>J17-2</b><br>Stord 2<br>Stord 3<br>Rival 1<br>Øygard 2<br>Årstad 1<br>Kjøkkelvik 1       |
| <b>J10-3</b><br>Fitjar 2<br>Kjøkkelvik 2<br>Salhus 1<br>Stord 1<br>Øygard 1<br>Nornen 2 | <b>J11-3</b><br>Stord 3<br>Bønes 2<br>Bjørnar 1<br>Askøy 2<br>Solid 2<br>Kopervik 2<br>Tertnes 2 | <b>J12-3</b><br>Bønes 1<br>Sandviken 1<br>Stord 2<br>Kjøkkelvik 1<br>Kolnes 1<br>Bjørnar 2 | <b>J13-3</b><br>Tertnes 2<br>Bønes 2<br>Fitjar<br>Foldnes 1<br>Rival                    | <b>J14-3</b><br>Stord 1<br>Fana 2<br>Askøy 1<br>Bjørnar 1<br>Mathopen 1              | <b>J15-3</b><br>Fana 2<br>Øygard 1<br>Gneist 1<br>Kjøkkelvik 1      |   |
| <b>J11-4</b><br>Fyllingen 3<br>Bønes 1<br>Solid 1<br>Kopervik 1<br>Salhus<br>Bjarg      | <b>J12-4</b><br>Solid<br>Askøy 3<br>Rival 2<br>Tertnes<br>Kopervik 1<br>Os 1                     | <b>J13-4</b><br>Nord 1<br>Gneist 2<br>Os 2<br>Kopervik 1<br>Sund                           | <b>J14-4</b><br>Tertnes 1<br>Brattholmen 2<br>Os 2<br>Fitjar<br>Sund 1                  | <b>J14-5</b><br>Kjøkkelvik 1<br>Stord 2<br>Fana 3<br>Os 1<br>Tysnes 1                |   |   |
| <b>J12-5</b><br>Bjørnar 1<br>Lindås 1<br>Stord 3<br>Mathopen 1<br>Nord 1                | <b>J12-6</b><br>Askøy 4<br>Fitjar<br>Fana<br>Nornen 1<br>Salhus 1                                | <b>J13-5</b><br>Solid 2<br>Askøy 2<br>Tysnes<br>Bønes 3<br>Øygard 1                        | <b>J13-6</b><br>Os 3<br>Tertnes 1<br>Stord 2<br>Askøy 2<br>Ølen 1                       | <b>J14-6</b><br>Kjøkkelvik 2<br>Fyllingen 1<br>Stord 3<br>Askøy 2<br>Ølen 1          |   |   |
| <b>J12-7</b><br>Os 2<br>Sund 1<br>Ølen 1<br>Øygard 1<br>Rival 1                         |  |  |   |  |   |   |

**OVERSIKTSKART**



**BANE Nr.**

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Biltilsynet
5. Biltilsynet
6. Biltilsynet
7. HSD
8. HSD
9. HSD
10. Skoisebanen
11. Skoisebanen
12. Skoisebanen
13. Grusbanen
14. Grusbanen
15. Grusbanen
16. Grusbanen
17. Grusbanen
18. Grusbanen
19. Ungdomsskolen

- |   |   |   |   |   |  |
|---|---|---|---|---|--|
| <b>G10-1</b><br>Fitjar 1<br>Stord 1<br>Fitjar 2 | <b>G11-1</b><br>Askøy 1<br>Bønes 1<br>Mathopen 1<br>Solid 1<br>Stord 1<br>Øygard 1<br>Bjørnar 1 | <b>G12-1</b><br>Foldnes 1<br>Fyllingen<br>Nord 1<br>Stord 1<br>Kjøkkelvik | <b>G13-1</b><br>Askøy 1<br>Bønes 1<br>Solid 1<br>Kjøkkelvik 1<br>Mathopen 1 | <b>G15-1</b><br>Stord 1<br>Stord 2<br>Askøy 1<br>Fyllingen 1<br>Rival 1 | <b>G17-1</b><br>Avaldsnes 1<br>Kjøkkelvik 1<br>Stord 1 |
|   |   | <b>G12-2</b><br>Nord 2<br>Solid<br>Stord 2<br>Øygard<br>Nornen            | <b>G13-2</b><br>Bønes 2<br>Solid 2<br>Stord 1<br>Øygard 1<br>Årstad 1       | <b>G15-2</b><br>Stord 3<br>Stord 4<br>Lyngba 1<br>Salhus 1<br>Øygard 1  |  |

# SPORTSLEG INFO



## Jenter

Place / Poeng	J12-1	J12-2	J12-3	J12-4	J12-5	J12-6	J12-7
1	x	x	x	x	x	x	x
2	x	x	x	x	x	x	x
3	x	x	x	x	x	x	x
4	x	x	x	x	x	x	x
5	x	x	x	x	x	x	x
6	x	x	x	x	x	x	x

Place / Poeng	J13-1	J13-2	J13-3	J13-4	J13-5	J13-6
1	x	x	x	x	x	x
2	x	x	x	x	x	x
3	x	x	x	x	x	x
4	x	x	x	x	x	x
5	x	x	x	x	x	x
6	x	x	x	x	x	x

Place / Poeng	J14-1	J14-2	J14-3	J14-4	J14-5	J14-6
1	x	x	x	x	x	x
2	x	x	x	x	x	x
3	x	x	x	x	x	x
4	x	x	x	x	x	x
5	x	x	x	x	x	x
6	x	x	x	x	x	x

Place / Poeng	J15-1	J15-2	J15-3
1	x	x	x
2	x	x	x
3	x	x	x
4	x	x	x
5	x	x	x

Place / Poeng	J17-1	J17-2
1	x	x
2	x	x
3	x	x
4	x	x
5	x	x
6	x	x
7	x	x

## Gutar

Place / Poeng	G12-1	G12-2
1	x	x
2	x	x
3	x	x
4	x	x
5	x	x

Place / Poeng	G13-1	G13-2
1	x	x
2	x	x
3	x	x
4	x	x
5	x	x

Place / Poeng	G15-1	G15-2
1	x	x
2	x	x
3	x	x
4	x	x
5	x	x

Place / Poeng	G17-1
1	x
2	x
3	x

**Stemnekontor/sekretariat**  
Stemnekontoret er i den gamle idretts-hallen. Kontakt oss om store eller små problem. Me serverer kaffi og noko å bita i, til dommarar og leiingar.  
**Turneringsstf.:** 53 40 09 90

**Viktig om kampoppsettet**  
Ved ankomst, sjekk kampoppsettet for evt. endringar. Finn ut kva plass laget ditt kom på i puljespelet. Då er det lett å finna tidspunkt og bane for kampene i sluttspillet.

**Protest**  
Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr. 400,-. Jury: Arne Steinsvåg, Trond Arnevik og Trond Haga.

**Turneringsreglement**  
Under kampene gjeld NHF sitt kampelement for turneringar.

**Puljer/spesystem**  
Speletid: J/G 10 - 14: 2 X 10 minutt, J/G 15 - 17: 2 X 15 minutt. Under er det satt opp en oversikt over kva for lag som går til A- og B-sluttspela.

**Puljeresultat/cupresultat**  
Ved uavgjort i cupspillet vil dommarkast og første mål vera avgjerande, også i finalen. Måke spilletid 5 min. Ved fort satt uavgjort vert kampen avgjort med myntkast. I finalane ubegrensa spilletid. Ved poenglikhet i puljespel skal rekkefølga avgjerast slik:

- 1) Innbyrdes kamp.
- 2) Måskinnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Måskinnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning.

Et lag må spela alle innleiane kampar for å komma til A-sluttspillet.

**Laget som står først i kampoppsettet**  
Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

**Premiering til beste klubb**  
10.000 til beste klubb etter ein spesiell poengskala. Stord kan ikkje vinna pengepremier. J/G 10-11 er ikkje med konkurransen.

**Klassar med: >20 lag <20 lag <10 lag**  
Vinnar: ..... 8 p ..... 6 p ..... 4 p  
Toar: ..... 6 p ..... 4 p ..... 2 p  
Vinnar  
A-pulje: ..... 4 p ..... 3 p ..... 1 p  
Andre lag i  
A sluttspel: ..... 3 p ..... 2 p  
Vinnar  
B sluttspel: ..... 2 p ..... 1 p  
Toar  
B sluttspel: ..... 1 p

**Fair-play**  
Under finalekampene måndag blir det delt ut Fair-play pokal til klubben med best oppførsel. Vinnar av Fair Play i fjor var Eivindvik J15

**Banar**  
1) Nyehallen. 2) Gamlehallen.  
3) Rackethallen. 4-6) Biltillsynet.  
7-9) HSD. 10-12) Skisebanen.  
13-18) Grusbanen.  
19) Stord ungdomsskule

**Beste klubb historikk**  
1990: Giv-Akt. 1991: Åkra.  
1992: A.L.Bjornar. 1993: Tertnes.  
1994: Brønnaldalen. 1995: Tertnes.  
1996: Bjornar. 1997: Bjornar.  
1998: Bjornar. 1999: Kjøkkelvik.  
2000: Kjøkkelvik. 2001: Bjornar.  
2002: Kjøkkelvik. 2003: Fyllingen.

**Praktisk informasjon**  
Det er viktig at alle lagleiarar så tidleg som råd er kjem innom hovudsekretaria-

ret i gamlehallen for utfylling av komplette laglister og sjekk av endelede kampoppsett.

**Ordensreglar på skulane**

- Ein leiar pr. lag skal overretta med laget.
- Ulovleg å bruka ballen på klasseromma.
- Nikotin/alkohol er sjølvast bannlyst på skulane.
- Klasseromma skal ryddast for avreise, og eventuelle skader står laga ansvarleg for.
- Klasseromma skal også godkjennast av arrangør før avreise.
- Klasseromma skal vera låst når ingen er i romma. Lagleiar for utdelt «nøkkelkort» som må visast for at vakta skal låsa opp.

Alle laga bør ta kontakt med vakta på skulane for praktisk informasjon, særleg for å seia seg inn i dei reglane som gjeld sikkerhet.

**Lagfotografering**  
Ta kontakt med fotografen.

**Matservering i turnkassen**  
**Laurdag**  
Frukost: 07.30 - 10.30  
Middag: 13.00 - 17.00 (Lapskaus)

**Søndag**  
Frukost: 07.30 - 10.30  
Middag: 13.00 - 17.00 (Kjøttkaker)

**Måndag**  
Frukost: 07.30 - 10.00  
Middag: 12.00 - 15.00 (Lasagne)

**Transport under festivalen**  
Det går buss til Rommetveit Skule, Samhald og Tjodnallo Skule. Ruter vert utdelt til dei aktuelle. Andre spørsmål om transport kan rettast til Sekretariatet.

**Røde Kors**  
Personalet er stasjonert på ungdomsskolen. Kontakt med doktor eller tannlege skjer gjennom Røde Kors.

**Parkering**  
Beste parkeringsplassen er i området rundt Stord vidaregåande skule og ved Stord yrkeskule og tekniske fagskule. Det er også mogleg å parkera bak Stord Hotell. Det er ikkje lovleg å kjera inn på stemneområdet, ver venleg og respekter dette! Kontakt stemnekontoret om de ønskjer parkering for campingvogn.

**Program for fritidsaktivitetar**  
Laurdag 29. mai:  
- Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-23.00

- Putekrig på bukk kl. 08.00-24.00
- Hesteriding ved Vikastemno (Andedammen) kl. 14.00-17.00
- Grillfest med smaksprovar av grillmat (på skuleplassen ved ungdomsskolen/hovudsekretariatet) kl. 20.00-23.00
- Grand Prix (påmelding i sekretariatet, begrensa plasser!) kl. 19.00-23.00
- Bading i Stord Kulturhus, (påmelding i sekretariatet) kl. 14.00-19.00
- Hoppeslott ved grasbanen kl. 13.00-21.00

Sundag 30. mai:  
- Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-23.00  
- Putekrig på bukk kl. 08.00-24.00  
- Sportsandakt på utescenen ved grasbanen kl. 14.00-14.15  
- Hesteriding ved Vikastemno (Andedammen) kl. 14.00-17.00  
- Skattejakt i undervannstank kl. 14.00-17.00  
- Bading i Stord Kulturhus, (påmelding i sekretariatet) kl. 10.00-19.00  
- Diskotek 10-13 år kl. 19.30-21.30  
- Diskotek 14-18 år kl. 22.00-24.00  
- Leiartreff på Stord Hotell, foredrag ved Arne Møller. kl. 20.00-24.00

Måndag 9. juni:  
- Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl. 08.00-14.00  
- Putekrig på bukk kl. 08.00-14.00



takkar for støtte

- Adidas
- Aker Kværner Stord
- Amfiserenter Stord
- Asator
- BKK-Stord
- Bladet Sunnhordland
- Carboline
- Club Sport-Treff
- D&F Group
- Dovre International
- Eiendomsmegler Vest
- Elfag Expert
- Engevik & Tislevoll
- Fitjar Betong
- Fitjar Kraftlag
- Fitjar/Stord Raude kors
- Fokus Bank
- Hella Transport
- Hennig Olsen IS
- HSD
- IBOX
- KPMG as
- Kvinnerad Sparebank
- Leirvik MT
- Maskinhjørnet
- Mesta
- Palantir
- R&M Industrier
- Sagenes Matsenter AS
- SIM
- Sireko
- Spar Haga
- Sparebanken Vest
- Spelarar og føresette
- Statens Vegvesen
- Stomas
- Stord Eiendom
- Stord Hotel
- Stord kommune
- Stord Laks
- Stord Turbuss
- Stord Sportscenter
- Stord Web Service
- Sunnhordland Bil
- Sunnhordland Kraftlag
- Sunn-Vent
- Sørøl
- Tine
- Vibe

Alle andre som har hjelpt oss vil me også retta ei stor takk til!